



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for funksjonshemma</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - NAV Hjelpemiddelsentral</b>
<b>Møtedato</b>	<b>09.09.2014</b>
<b>Kl.</b>	<b>10.00-14.00</b>

**Faste medlemmer til stades:** Norunn Lunde Furnes, Odd Atle Stegegjerdet og Solfrid Fossberg

**Forfall til møtet:** Solfrid Lillebø og geir Liavåg

**Varamedlemmer til stades:** Gerd Bjørkedal og Alfred Brusegard

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Arvid Stenehem og Anne Kjersti Stavø Stenehem (deltok på omvisninga)

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet handsama saken i ope møte.

Møtebok frå 17. juni 2014 vart godkjend utan merknader.

Dette møte i fylkesrådet for funksjonshemma vart gjennomført på NAV- hjelpemiddelsentralen og følgjande program for dagen vart gjennomført:

10.00-11.00	Omvising på sentralen, v/ Liv Husabø
11.00-11.30	Oppsummering v/Liv Husabø
11.30-11.45	Tilrettelegging av arbeidsplass, vårt tilbud, Randi Moldestad
11.45-12.00	Tilrettelegging av bustad, vårt tilbud, v/Anne-Cathrine Neslein
12.00-12.30	Matpause
12.30-14.00	Saker/skriv og meldingar vart handsama

### Omvising:

- Syn kl. 1000-1010
- Kommunikasjon/  
kognisjon og varsling kl. 1010-1020
- Hørsel kl. 1020-1030
- Rørsle kl. 1030-1040
- Lager/teknikk kl. 1040-1055

**Følgjande skriv vart lagde fram til orientering:**

**Meldesak 1)**

Regjeringa har gitt ut ein rettleiar i medverknad etter plan- og bygningsloven. Det er også ei eiga nettside knytt til denne - [www.planlegging.no](http://www.planlegging.no).

Det er ei viktig målsetjing å leggje til rette planprosessar som er opne, inviterande og inkluderande. Alle kommunale og fylkeskommunale råda for personer med nedsett funksjonsevne og eldre har ei viktig rolle i dette, jf. plan- og bygningslovens § 5-1 andre avsnitt. Departementet oppfordrar rådet til å ta aktiv del i arbeidet med å få best moglege planar.

**Kommentar/vedtak:**

Rådet ønskjer å minne dei kommunale råda om at denne sida om planlegging finnes. Fylkesrådet for funksjonshemma tek meldingane til vitande.

**Meldesak 2)**

Planlegging av rutetilbodet frå 1. mai 2015.

Hovudutval for samferdsle (HS) ønskjer innspel/forslag til ruteendringar gjeldande frå 1. mai 2015. Samferdsledepartementet fastsette i 2013 nye retningslinjer for offentleggjering av ruteopplysningar for persontransport. Desse nye retningslinjene inneber at rutedata skal vere gyldige i minst 4 månader framover. Seinare vil det bli innført krav om at rutedata skal vere gyldige i 7 månader.

I praksis betyr denne endringa at rutetider som skal gjelde frå 1. mai 2015 må vere klare seinast 1. januar 2015. Endringa medfører også at rutetilbodet gjeldande frå 1. mai 2015 må avgjerast i samband med budsjettmøtet i fylkestinget i desember. For å sikre tilstrekkeleg tid til utarbeiding av rutetabellane må HS handsame innspela i møtet 29. oktober.

Med dei kutta i overføringane frå staten som no ligg føre, vil det ikkje verte rom for utviding av rutetilbodet i 2015. Truleg vil det verte nødvendig med ein reduksjon av det samla rutetilbodet. Dersom de kjenner til ruter i kommunen som vert lite nytta, ynskjer HS å få tilbakemelding på dette. HS vil vurdere om ruta skal gjerast om til tingsingsrute eller leggjast ned for å frigjere midlar.

Innspel til endringar i rutetilbodet må vere samferdsleavdelinga i fylkeskommunen i hende snarast råd, men seinast 26. september 2014.

**Kommentar/vedtak:**

Fylkesrådet for funksjonshemma var samla til møte i Førde 9. september 2014. Vi har desse kommentarane til planlegging av rutetilbodet:

- Rutetilbodet må vere tilrettelagt for alle reisande med omsyn til universell utforming.
- Dersom bussruter med få reisande vert nedlagde, er det viktig at fylkeskommunen held fram med tilbod om serviceskyss i kommunane.

**Meldesak 3)**

"Vel blåst" Landskonferanse 19-20. august 2014. Innholdsrike konferansedagar for mennesker med nedsatt funksjonsevne blei helde på Scandic Hotell, Bystranda i Kristiansand.

Inspirasjon, kunnskap og nye kontakter blei utveksla på tvers av fylkesgrensene.

<http://www.vaf.no/aktuelt/vel-blaast-landskonferansen-19-20-august-2014/>

**Kommentar/vedtak:**

Arrangementet «Landskonferansen» må kunne alternere mellom fylka. Ei føresetnad for at Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane skal kunne stå som arrangør er at det finnes tilstrekkeleg rullestolvenlege fasilitetar på ein av fylket sine overnattingsstader.

**SAK 9/14      Skriv og meldingar til møtet 9. september 2014**

**VEDTAK:**

Fylkesrådet for funksjonshemma tek meldingane til vitande.

-----